



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

STYREMØTE

Flatene skule, 12. april 2015 kl. 11.00

Sakliste:

1. Arrangementa framover
2. Oppgåvefordeling
3. Revisjon av retningslinjer for KBK
4. Møteplan

Referat:

Til stades: Niels, Eirik, Frida, Wenche, Remco og Asbjørn
Forfall: Trine

Sak 1 Arrangementa framover

KBK: Arrangementet er under kontroll, og komiteen har hatt møte. Det har gått litt tregt med påmeldingar, men det tek seg opp.

Kretisleir: Dei ulike delane av arrangementet er i rute. Eirik skal ha møte enkeltvis med dei ulike komitémedlemmene for å følge opp. Har ikkje fått altfor mange påmeldingar endå.

JOTA/JOTI: Vi må få snakka med radioamatørar og Teigen. Niels tek seg av dette. Rasmus frå Førde kan kanskje vere aktuell for matplanlegging.

Leiarsamling i august: Kretstinget ynskte denne i Sogn. Vi diskuterte ulike stader og hytter. Niels høyrer litt med Systromd og ev. andre grupper i Sogn. Ev. slå saman med fyrstehjelpkurs.

Samling for krets- og korpsstyre: 6.-8. november på Sørmarka kurs- og konferansesenter. Heile kretsstyret blir nok invitert.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Niels Larsen, Dalavegen 11, 6885 ÅRDALSTANGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Roverarrangement: Vi diskuterte ulike moglegheiter. Vi enda opp med eit forslag om rovertur til Kinn før 1. november. Asbjørn arbeider vidare med dette.

Småspeidararrangement: Florø FA har snakka med ei anna gruppe om dette. Jan Tore i Florø FA kan ta dette på seg tidleg i haust.

Sak 2 Oppgåvefordeling

Wenche: leiartrening og leiarsamtalar
Niels: utstyr og diverse oppfølging
Eirik: valkomitédokument

Sak 3 Revisjon av retningslinjer for KBK

Remco føreslår å revidere KBK-retningslinjene og sjå dei i samanheng med NM. Vi set i gang arbeidet med dette.

Sak 4 Møteplan

14. juni på Flatene skule
16. august på Flatene skule
4.-5. desember

Møtet slutt kl. 13.30.

Referent:

Eirik Ulltang Birkeland

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Niels Larsen, Dalavegen 11, 6885 ÅRDALSTANGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).